



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Kviteseid Sokneråd**

**REFERAT frå soknerådsmøte**  
for Kviteseid Sokn

Onsdag 30. september 2020, kl.18.00-21.30  
Stad: Kyrkjestova i Brunkeberg kyrkje (kjellaren)

**Innkalla og møtte:**

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Vidar Syrtveit Mikalsen, Dagfinn Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Gudrun Nordbø Venås, Sigrun Garvik Moen (sekr.)  
Møyfrid Lunde, sokneprest, Bjørn Nordskog, kommunerepresentant og ordførar  
Kristen Salmelid, kyrkjeverje og 3. vara: Inge Waldenstrøm

Kyrkjelydsutvalet i Brunkeberg var invitert og til stades under sakene 48, 49 og 50. Dei hadde dessutan kaffi og mykje godt å bite i.

Møyfrid Lunde delte nokre Ord for dagen. Kyrkjeverja kom med ein beklagelse.

*Innkalling og referat blir sendt ut til revisor Hilde Vatnar og prost Asgeir Sæle, i tillegg til soknerådet og vararepresentantar..*

*Referat blir i tillegg sendt til Rådmann Øystein Tveit, kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åslund, Ordførar som kommunerepresentant.*

<b>SR-sak 46/20</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>MG</b>
Innkallinga til dette møtet er sendt ut på e-post 24.09.2020 til alle medlemmer av Kviteseid sokneråd. (varamedlemmer, revisor og prost får kopi til orientering).		
Merknader til innkallinga eller sakslista?		
<b>Forslag til VEDTAK:</b>		
Innkallinga sendt ut på e-post 24.09.2020 er godkjend. Sakslista er godkjend.		
Ei ny sak vart lagt til etter eventuelt.		
<b>VEDTAK:</b>		
Innkallinga sendt ut på e-post 24.09.2020 er godkjend. Sakslista er godkjend.		
<b>SR -sak 47/20</b>	<b>Post og meldingar</b>	<b>MG / KS</b>
<b>1. Gjennomførde arrangement:</b> a. Soknemøte (årsmøte) vart halde etter gudstenesta i Kviteseid sundag 20.sept. (Sjå kommentarar under sak 54 Eventuelt.) <b>2. Planlagde arrangement:</b> a. Føremiddagstreff på Misjonshuset onsdagane 23/9, 28/10, 25/11. b. Adventssamling i Kviteseid kyrkje 9/12.		

- c. Helgemessekonsert i Kviteseid kyrkje ved Jan Haugen med fleire, sundag 8.nov.2020 (sjå neste kyrkjeblad).
  - d. Kulturutvalet arbeider med løysing til alternative adventskonsertar.
  - e. Kviteseid hornmusikk planlegg ein eigen konsert som truleg blir i Kviteseid kyrkje i november.
3. **Vestfold og Telemark revisjon** sende 31.08.2020 ein faktura på kr 47.000 for årsrevisjonen 2019. Dette var tidlegare inkludert i tenesteytingsavtala. Det er no avtalt at Kviteseid sokn får auka tilskotet frå kommunen for å dekke dette no i 2020. For 2021 vert dette trekt ut av den nyleg reviderte tenesteytingsavtala og tilsvarande gitt i auka tilskot.
4. **Vestfold og Telemark fylkeskommune si avdeling for kulturminne** har i mail 08.09.2020 skrive følgjande om støttemuren i Brunkeberg:
- Viser til henvendelse om oppgradering av kirkegårdsmuren ved Brunkeberg kyrkjegard, mottatt her mandag 24. august. Så langt jeg kan forstå skal tiltaket i sin helhet gjennomføres utenfor arealet som er fredet som middelalderkirkegård med automatisk fredet sikringssone. Tiltaket skal også foregå uten graving, og i skrånningen nedenfor, sørøst for kirken og kirkegården, og vil ikke endre landskapet særlig. Tiltaket er dermed ikke i konflikt med bestemmelsene i lov om kulturminner, og kan gjennomføres uten vedtak om dispensasjon. Vi ser heller ikke at det er behov for arkeologisk registrering eller andre undersøkelser i forbindelse med dette tiltaket. Vi ønsker derfor helt enkelt lykke til videre (...)
- Agder og Telemark bispedømme har stadfesta dette i mail datert 15.09.2020
5. **Biskopen har 03.09.2020 godkjent installering av lydanlegg og teleslynge i Fjågesund.** Utstyret og installering er bestilt, og vi prøver å ha alt klart til neste gudsteneste der, den 25. oktober, alternativt til jol.
6. **Ang. takkonstruksjonen på Brunkeberg kyrkje:** Etter råd frå kyrkjefagleg avdeling i KA (Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelig virksomhet), er eit uavhengig konsulentfirma (Sweco) engasjert for å sjå på prosjektet og koma med sine vurderingar og eventuelle anbefalingar til endring i forhold til det tømrar har beskrive. Dei hadde synfaring saman i veke 39. Kostnad for dette oppdraget vert om lag kr 80.000. Det må vi finne rom for på drift eller investering i 2020.
7. **Pågående arbeid på Gamlekyrkja:** Rehabiliteringa av våpenhuset er ferdig. Heile undertaket vart skifta. Takrenner er montert på alle tak. Korpartiet er ferdig med reparasjonar under taksteinane. Tilstanden under taksteinen på kyrkjeskipet er i særstakleg forfatning på nordsida. Litt betre på sørssida. Der er det lagt papp på ca. 50 % for fleire år sidan. 750 takstein må av på kvar side. Startar på nordsida. Alle sløyfer og lekter må nye, oppå ny solid papp. Vi arbeider så lenge pengane rekk. Apsisen får ny omgang med milebrent tjøre før vinteren. (Sjå meir i sak 55/20)
8. **Kyrkjelydsbasaren vert laurdag 28. november på Misjonshuset.** Komiteen med Kirsti Skjæveland og Dagfinn Køhn er forsterka med Gunnhild Dobbe og kyrkjeverja, og har hatt eitt møte så langt. Det blir arbeidd med å få til ein digital basar parallelt med den tradisjonelle, og folk blir oppmoda i mykje større grad enn før til å kjøpa lodd på førehand (sjå neste kyrkjeblad medio oktober) Det vert ikkje loppemarknad og heller ikkje det tradisjonelle programmet med besøk av korpsaspirantar og Barnegospel, men noko anna.
9. **Komite for fast givarteneste** har vore samla (23/9) og drøfta vidare satsing på dette området. Kyrkja må i framtida i stadig større grad ta ansvar for eigen økonomi. Komiteen vil ha ein kort kampanje i november med ekstra informasjon om dette i samband med 3 gudstenester i Brunkeberg, Kviteseid og Vrådal, og utfordre enkeltpersonar til å vere med å gje gåver jamleg med trekk direkte frå konto. Før ‘kampanjen’ nå har vi 17 personar som kvar månad gjev nær 6000 kroner. Det vert samla over 70.000 kvart år.
10. **Årets TV-aksjon** sundag 18.oktober går til WWF (World Wildlife Fund) sitt arbeid for å redusere plast i havet. Biskopen og prostar har i brev av 23.09.2020 oppmoda oss til å vere med på dette. Det står allereie på planen.

Lagt til under møtet:

11. Eit lite skur ved Vrådal kyrkje er tatt bort denne veka fordi det var oppført utan godkjenning frå Biskop.
12. **KNIF** (Knif Trygghet forsikring, som har forsikra alle kyrkjebygga våre) informerte i sommar om moglegheit til å søkje om kr. 50.000 for 'Kirkesikringstiltak'. Kyrkjeverja skreiv ein søknad der alle brannsikringstiltaka vi har gjort dei siste åra vart ramsa opp. Sjølv om søknadsramma var kr 50.000, vart det søkt om 50.000 til kvar av kyrkjene. 24.09.2020 såg kyrkjeverja til si store glede at det var kome inn kr 200.000 fra KNIF for kyrkjesikringstiltak.
13. **Høyringsnotat frå Kyrkjerådet** er motteke 25.09.2020. Det er sendt til alle kyrkjelege instansar og ledd. Det har med at Kyrkjelova frå 1997 når den 01.01.2021 vert erstatta av ny lov om trudomssamfunn. Da er det ei rekke saker staten tidlegare lovregulerte, som kyrkja nå sjølv må regulere i eige regelverk. Kyrkjeverja har ikkje kapasitet til å gå gjennom alt dette og kommentere innan fristen 30. nov. 2020.
14. **Nytt tiltak i trusoplæringa:** Soknepresten informerte om at Tårnagent-samling 31.10.2020 vert eit nytt trusoplæringstiltak for 4. og 5.-klassingar. Det er ei oppfylging av Tårnagenthelg som vi allereie har.
15. **Frivillige i kyrkjelyden.** Soknepresten informerte om eit revidert 'Tenesteskjema' som bygger på eit frå 2017. Det vil bli delt ut på dei neste gudstenestene. Der kan folk krysse av for om det er noko (meir) dei kan tenke seg å vera med på. (Mange er med på mykje allereie.) Så vil soknepresten seinare i haust invitere til eit ope møte om gudstenesta, for å samle erfaringar om dei forskjellige frivillige tenestene. Det er mellom anna ynskje om fleire til eit Gudstenesteutval.

**SR -sak 48/20**

**Kyrkjelydsutvala**

**MG / ML**

Kyrkjelydsutvalet i Brunkeberg er til stades.

Vi har kyrkjelydsutval i Brunkeberg, Kviteseid, Vrådal og Fjågesund.

Soknerådet vil nytta høvet til å takke for det gode arbeidet utvala gjer, -som ei frivillig teneste for fellesskapet og dei einskilde kyrkjelydane. De er med på å gjere gudstenestene betre, frå velkomst til sosialt og godt samvær under kyrkjekaffien etter messa. De pyntar med blomar, ynskjer folk velkommen og delar ut salmebøker. Nå etter gjenopning av kyrkjene i 'Korona-tida' har de også fått ei ekstra og viktig oppgåve, nemleg å føre opp namn på alle frammøtte. Det gjer gudstenesta trygg og god for den einskilde, og er ei god avlasting for dei tilsette.

Takk for den viktige tenesta dei gjer!

Vi samtalar om oppgåvene, og hører 'kvar skoen trykkjer'

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet takkar kvar enkelt i kyrkjelydsutvala for den viktige tenesta dei gjer, og merkar seg det som har vore snakka om.

#### **VEDTAK:**

Soknerådet takka kvar enkelt i kyrkjelydsutvala for den viktige tenesta dei gjer, og merkar seg det som har vore snakka om.

<b>SR -sak 49/20</b>	<b>Opne kyrkjer Allehelgensdag (01.11.20)</b>	<b>MG</b>
<p>Den norske kyrkja sentralt oppmodar til å halde kyrkjene opne der det ikkje er gudsteneste på allehelgensdag (sundag 1. nov. 2020) slik at folk som oppsøkjer kyrkjegardane, også kan finna ei open kyrkje.</p> <p>Mange kyrkjelydar har lang og god tradisjon med ulike samlingar allehelgensdag.</p> <p>I Kviteseid har vi ikkje hatt tradisjon for å halde kyrkja open på denne eller andre dagar, men det er ikkje til hinder for at vi kan gjere det no.</p> <p>Vi har tidlegare hatt konsert rundt allehelgensdag, og har det i år også, men ikkje før sundagen etter.</p> <p>Men vi har gudsteneste i Kviteseid på allehelgensdag i år.</p> <p>Skal vi halde kyrkjer opne, meiner kyrkjeverja vi treng personar som kan vere til stades heile tida. Er det ynskjeleg med ei eller fleire opne kyrkjer på allehelgensdag, til dømes på ettermiddag og kveld? Kven kan då vere til stades medan dørene er opne, og låse til ei avtalt tid?</p>		
<p><b>Vedlegg:</b> <i>Brev frå Den norske kyrkje</i></p>		
<p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Blir utarbeidd under møtet.</p> <p>Saka vart drøfta. Det kan vere fint med eit tilbod om open og varm kyrkje, og kanskje til og med ein varm kopp kaffi for dei som vil. Diakoniutvalet har etter førespurnad frå prostidiakon Eilev Erikstein, tenkt å halde open Kviteseid kyrkje laurdag 31. okt. sein ettermiddag/tidleg kveld. SR meiner sundag vil vere ein betre dag, frå kl. 16-18.</p>		
<p><b>VEDTAK:</b> Soknepresten ber Diakoniutvalet vurdere å halde ope Kviteseid kyrkje på sundag ettermiddag, 1. nov. som er allehelgensdag, frå kl. 16-18. Kyrkjelydsutvalet i Vrådal er med. Same utval i Brunkeberg tek ei avgjerd etter at det er gjort i Kviteseid. Soknepresten spør om utvalet i Fjågesund vil vere med. Open kyrkje allehelgensdag vert annonseret på Facebook og i VTB.</p>		
<b>SR -sak 50/20</b>	<b>Synfaring i og rundt Brunkeberg kyrkje</b>	<b>ML/KS</b>
<p>Kvar kyrkje i soknet er unik i utforming, alder og utfordringar. Brunkeberg kyrkje er frå 1790, og er altså 230 år gammal. Historia er innhaldsrik.</p> <p>Soknepresten tek oss med på ei kort historisk og geografisk reise i kyrkja og seier litt om korleis kyrkja fungerte under vanlege arrangement..</p> <p>Vidare vil kyrkjeverja fokusere på nokre særtrekk og utfordringar i Brunkeberg.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kyrkja er ikkje lett å halde rein for kyrkjetenarane, anna enn på golv og benkar. Veggene er høge og tømra, vindauge er høgt opp, og det vert fort støv og spindellev. Kan reinhaldsdugnad innandørs ein gong i året vera ein moglegheit?</li> <li>2. Sjå vedlegget som ramsar opp litt av historia med vedomnar, galleri, altar, orgel, tak, tilbygg m.m.</li> <li>3. Litt om arbeidet som skal gjerast i kyrkja i 2021: <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Boge i takbjelkar og vektfordeling (vi ser på ein modell av kyrkja).</li> <li>b. Litt arbeid med bod innanfor kyrkestova i kjellaren (vi ser på det der nede).</li> </ol> </li> </ol>		

- c. Litt arbeid med tetting av hol i tårnet (vi ser på det utanfrå).
4. Bruk av kyrkjestova. Den einaste av sitt slag i soknet. Nytt golv hausten 2017, delvis forårsaka av neste pkt.
  5. Orgelet skal gjennom ein større reparasjon nå, hausten 2020.
  6. Utfordringar med vatnet som skadar røyr. Toaletta og kjøkken.
  7. Septiktankar ute. Drenering av takvatnet.
  8. Vasstank for brannsløkking står bak bårehuset.
  9. Kyrkja vart måla sommaren 2017, småglas reparert. Lemmar for vindauge på vinteren. Inngangsparti forbetra i 2019, drenering frå takrenner i 2018/19.
  10. Bårehuset. Nytt kjøleanlegg i bårerommet i 2019.
  11. Kyrkjegarden er freda fordi det har stått kyrkje på staden i hundrevis av år. Kyrkjegarden vart lagt på omlag 60 cm i høgda for rundt 30 år sidan.
  12. Steinmuren i fare for å rase ut, fekk (litt for fort) ein ny støttemur, godkjent i sept.20, finansiert for 2021.

Er det behov for andre utbetringar? Kva er viktig for folket i Brunkeberg med tanke på kyrkja og kyrkjegarden?

**Vedlegg:** *Skriv om Brunkeberg kyrkje, årstal for hendingar*

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet takkar for orienteringa.

**VEDTAK:** Som føreslege.

<b>SR -sak 51/20</b>	<b>Evaluering av misjonsprosjekt fra 2017</b>	<b>MG / ML</b>
----------------------	---	----------------

Kviteseid sokneråd vedtok 11.01.2017 avtale med Normisjon om støtte til prosjektet 12247656 Samfunnsutvikling i Nepal. Avtaleperioden er 01.01.2017 til 31.12.2020, og i avtalen står det at den «evalueres ca ½ år før avtaleperiodens slutt. Menighetens misjonskontakt tar initiativ og innkaller partene til møte.»

Innsamlingsmål har vore 35 000 kr, og avtalen konkretiserer kva kyrkjelyden og misjonsorganisasjonen skal leggje til rette for kvar på si side.

Etter val av nytt sokneråd, har ikkje soknerådet funne nokon ny misjonskontakt. I mellomtida har soknepresten tatt på seg å sørge for at kyrkjelyden følgjer opp sin del av avtalen.

- Soknepresten orienterer om korleis dei ulike konkretiseringane i avtalen er følgd opp frå kyrkjelyden og frå Normisjon.
  - Soknerådet evaluerer korleis avtalen han fungert for kyrkjelyden sin del:
1. Opplever kyrkjelyden at misjonsavtalen «tilhøyrer» dei, og at dette er noko som angår heile kyrkjelyden?
  2. Kva har vore dei viktigaste motivasjonsfaktorane for misjonsavtalen?
  3. Kva engasjement har avtalen skapt i kyrkjelyden? Kva grupper i kyrkjelyden har blitt engasjert, og kva kunne vore gjort for å engasjere fleire?
  4. Kva har misjonsavtalen betydd for gudstenestelivet i kyrkjelyden?
  5. Kva har misjonsavtalen betydd for trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden?
  6. Korleis opplever vi kontakten med Normisjon? Er det noko vi saknar?

**Vedlegg:** *Avtale misjonsprosjektet*

**Forslag til VEDTAK:**

Innspela frå evalueringa vert notert. Soknepresten tek dei med i evalueringsmøte med Normisjon-kontakt.

*Litt notert frå punkta over:*

1. Ja. Liv Wendel med fleire har fortalt om prosjektet på ei gudsteneste. Blir beden for i kyrkjebløna.
2. Vi får være med på misjon, være med å bidra. Det vert nært når ein bed for det. Det er fint å høyre om ulike ting ein gjer som er misjon. Fint at det gjeld likeverd.
3. Involverer konfirmantar. Blir skrive om i Kyrkjebladet. Burde hatt ein misjonskontakt.
4. Den lokale kyrkja bør vere ein del av ei verdens vid kyrkje. Vi skal vere med på noko som er ein større del av verda enn der vi bur. Bidra med forbøn og ofring. Berikande for gudstenestelivet.
5. Blir kjend med noko større og felles ute i verden
6. Kjem ein del info på gudstenestene, men ynskjer meir oppdatert info om misjonsprosjektet. Avtala bør gjerast meir kjend. Oppdatere og informere soknerådet nokon gonger i året. Skrive om det på heimesida vår. Er det mogleg å skrive fast om prosjektet i Kyrkjebladet?

**VEDTAK:**

Innspela frå evalueringa vert notert. Soknepresten tek dei med i evalueringsmøte med Normisjon-kontakt.

<b>SR -sak 52/20</b>	<b>Førebuing av nytt misjonsprosjekt for 2021-2024</b>	<b>MG / ML</b>
----------------------	--	----------------

Den norske kyrkje er ei bekjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje. I 2005 drøfta kyrkjemøtet kva det tyder at kyrkja er misjonerande i si behandling av saka «ei misjonerande kyrkje». Dette er eit grunnlagsdokument for samarbeid om misjon i Den norske kyrkje. Vidare hadde dei oppe saka «Misjon til forandring – Utfordringane frå Edinburgh 2010» på kyrkjemøtet 2012 (KM 07/12). I vedtaket der gjev dei mellom anna utfordringar i to punkt til alle døypte, og i seks punkt til kyrkjelydane.

Eitt av punkta omhandlar misjonsavtaler:

*«Kirkemøtet vil samtidig understreke sammenhengen mellom det som skjer lokalt og et globalt misjonsengasjement. Kirkemøtet utfordrer derfor alle menigheter til å samarbeide med norske misjonsorganisasjoner og ha minst én misjonsavtale i rammen av SMM. Misjonsavtalene bør uttrykke fellesskapet i den verdensvide kirke og gjensidig relasjoner. Denne ressursen bør integreres i hele menigheten, særlig i trosopplæring og gudstjenestearbeidet. Like naturlig er det at alle menigheter samtidig er engasjert i internasjonal diakoni gjennom Kirkens Nødhjelp og andre diakonale organisasjoner.»*

Når perioden for gjeldande misjonsprosjekt her i Kviteseid går ut ved nyttår, har soknerådet fleire val:

- A) Fortsetje med eit oppdatert prosjekt tilsvarande det vi har, men i eit nytt område i Nepal.
- B) Be om å få laga ein avtale som fylgjer Liv Wendel vidare inn i nytt arbeid knytt til sjukehuset Okhaldunga, Nepal.
- C) Velje eit nytt prosjekt i Normisjon eller i ein annan misjonsorganisasjon.

### Ulike misjonsorganisasjonar:

Samarbeidsråd for menighet og misjon (SMM) er eit samarbeidsråd for sju misjonsorganisasjonar: Areopagos, Den Norske Israelsmisjon, Himalpartner, Misjonsalliansen, NMS, Normisjon, og Stefanusalliansen. Ivar Sandnes på bispedømekontoret fungerer som rådgjevar for misjon overfor kyrkjelydane.

Soknerådet har mottatt brev frå NLM og NMS med tanke på misjonsavtale.

### Lokal historikk:

Tidlegare har Vrådal hatt misjonsprosjekt i Normisjon for Ecuador og Kviteseid har støtta MaMa Children Center of Norway på Filippinane.

I 2017 sto avgjerda mellom gjeldande prosjekt og eit prosjekt i Etiopia der Karen Elisabeth Wittersø og Fredric Hector arbeider med bibelomsetjing for NLM/Wycliff.

### Frå soknemøtet:

På soknemøtet 20.09.20 orienterte vi om at soknerådet skal vurdere å velgje nytt misjonsprosjekt. Av dei frammøtte spurte nokon om det kunne vere aktuelt å støtte det arbeidet Liv Wendel skal inn i. Ein fremja omsetningsprosjektet i Etiopia. Det kom og fram at det kunne vere fleire som hadde innspel til organisasjonar eller prosjekt, og det var spørsmål om ein kunne ha tid til å nå breiare ut med informasjon før soknerådet gjer valet.

### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet gjev mandat til ei gruppe som kan hente inn ulike forslag til misjonsprosjekt frå folk lokalt og i samarbeid med misjonsorganisasjonane. Gruppa vurderer desse opp mot kvarandre og presenterer to gode alternativ for soknerådet på møtet i november.

### **VEDTAK:**

Som føreslege.

<b>SR -sak 53/20</b>	<b>Gjennomgang og tilpassing av lokal grunnordning for hovudgudstenesta</b>	<b>ML</b>
----------------------	---	-----------

Kyrkjemøtet vedtok på sitt møte i 2019 ei justering av ordning for hovudgudstenesta. Soknerådet er av biskopen i Agder og Telemark bedt om å gjennomgå sin Lokale grunnordning, for å tilpasse denne den justerte ordninga som kyrkjemøtet har vedtatt.

Vår lokale grunnordning ligg veldig nært til denne.

Soknemøtet 20.09.20 vart orientert om dei endringar som må til for å tilpasse seg den justerte ordninga. Protokollen viser at soknemøtet støtta å gjere desse tilpassingane slik at soknerådet kan sende inn justert ordning for hovudgudstenesta tenesteveg utan å måtte søkje til biskopen.

Dei konkrete endringane er:

- Kyrkjelyden står både under fyrste salmen og under nådehelsinga som følgjer.
- Samlingsbøn vert avslutta med: ML: Gud vi bed; A: Amen
- Presten dekker til nattverdelementa før takkebøna.

Når det gjeld halleluja-verset vi nyttar i samband med evangelieprosesjon, er dette ikkje lenger mellom dei som står i den justerte ordninga. I Øvre Telemark har verset «Sæle er dei...» fått stor utbreiing dei siste åra. Prosten har difor tatt på seg å søkje til biskopen på vegne av alle sokna her om godkjenning til å halde fram med dette. Om det ikkje vert godkjent, må vi velje eit av dei oppsette halleluja-versa.

**Vedlegg:** Skjema til bruk ved «justering av ordning for hovedgudstjenesten» for menigheter i Agder og Telemark bispedømme

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet går inn for å gjere dei nødvendige tilpassingane av lokal grunnordning for hovudgudstenesta slik at ho er i tråd med den justerte ordninga for hovudgudstenesta vedtatt av kyrkjemøtet 2019. Den nye ordninga vil gjelde frå 1. sundag i advent 2020.

Soknerådet gjev sitt svar på vedlagte spørsmål i 18 punkt utifrå dette.

**VEDTAK:**

Soknerådet går inn for å gjere dei nødvendige tilpassingane av lokal grunnordning for hovudgudstenesta slik at ho er i tråd med den justerte ordninga for hovudgudstenesta vedtatt av kyrkjemøtet 2019. Den nye ordninga vil gjelde frå 1. sundag i advent 2020.

Soknerådet gjev sitt svar på vedlagte spørsmål i 18 punkt utifrå dette, via prosten.

<b>SR -sak 54/20</b>	<b>Eventuelt</b>	<b>MG</b>
----------------------	------------------	-----------

**Referat frå soknemøtet i Kviteseid kyrkje sundag 20.sept. ligg ved.**

Her er nokre kommentarar:

- Kyrkjeverja gjorde greie for årsrekneskapen for 2019 og budsjettet for 2020
- Soknemøtet var annonsert på Facebook torsdag 17., men gløymt i avisene. Møtet var kunngjort på gudstenester i september. Møtedatoen var ikkje klar då Kyrkjebladet gjekk i trykken. Møtet og sakslista skal kunngjerast på førehand. Det kan vi gjere på nettsida, og vise til den i annonse. Årsmelding kan og leggjast ut i kyrkjene så snart den er vedteken av SR.
- Soknerådet merkar seg kommentarar til at det no berre er 52 forordna gudstenester

**Vedlegg: Referat frå soknemøtet 20.09.2020**

**VEDTAK:**

Soknerådet freistar å forbetre formalitetane i si førebuing med soknemøte for framtida.

<b>SR -sak 55/20</b>	<b>Økonomisaker (ettermeldt)</b>	<b>MG / KS</b>
----------------------	----------------------------------	----------------

**1. Gamlekyrkja**

Investeringsprosjektet der har ei ramme på kr 875.000 der 420.000 kjem frå Riksantikvaren (RA). Prosjektet må vera ferdig med rapport og rekneskap godkjent hos RA seinast 1.november 2020. Utøvande arbeidsfolk har frist til 19.okt. med å bli ferdig. Kr. 637.000 er brukt til nå. Rest på budsjettet er kr 238.000. Oppdraget på takflatene er slik at dei tar med så mange tak som samla budsjett tillåt. Berekingar nå viser at den eine takflata på kyrkjeskipet (mot sør) ikkje blir med. Tilstanden på taka på skipet, særleg mot nord, er dårlegare enn forventa. Grovt estimat for resterande arbeid er ytterlegare kr 100.000.

**2. Carport og HC/WC ved Kviteseid bårehus**

Investeringsbudsjettet her var på kr 456.000. Nå når arbeidet er ferdig, står det att noko over kr 100.000 som ikkje er bruks. Dette er innsparinger.

**Konklusjon og tilråding så langt** er at pkt. 1 over her blir ferdig stilt innanfor tidsramma og budsjett + kr 100.000, men framleis slik av den totale ramma for investeringar i 2020 ikkje blir overskriden.

- 3.** Ref. sak 47, Post og meldingar, og nytt pkt. 11 med informasjon om **kr 200.000 frå KNIF**, og pkt. 6 om ekstra kostnad på kr 80.000 i 2020 for konsulenttenester for førebuing av investeringsprosjekt i 2021 med Brunkeberg takkonstruksjon.

**Tilråding** her er

- dei mottekne kr 200.000 frå KNIF førast inn på driftsrekneskapen. Dei kan vere gode å ha som buffer, og ev. underforbruk (overskot) er betre enn det motsette. Kyrkjeverja tilrår ikkje vedtak om overføring til fond.
- Konsulenttenester i 2020 for investeringsprosjekt i 2021 belastast fortrinnsvis investeringsbudsjettet for 2020, viss det mot slutten av året visar seg å vere midlar igjen der. Alternativt blir heile eller delar av beløpet ført på drift i 2020, på avdeling 111 Kyrkjer, som konsulenthjelp.

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek disponering og rekneskapsføring i tråd med tilrådingane over her.

Ref.: SM/KS

Dei neste SR i 2020 er 18. november